

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest RHF

DATO: 29.05.2015
SAKSHANDSAMAR: Terje Arne Krokvik
SAKA GJELD: **Langsiktig finansiering av Helse Vest IKT AS**

ARKIVSAK: 2013/445
STYRESAK: **063/15**

STYREMØTE: **18.06.2015**

FORSLAG TIL VEDTAK

1. Styret godkjenner at det blir inngått ny avtale med Helse Vest IKT om å auke langsiktig låneramme med kr 45 mill. til totalt kr 628 mill.
2. Dei økonomiske vilkåra skal vere i samsvar med dei vilkår Helse Vest har på konsernkonto.
3. Tilbakebetaling av lånet skal minimum skje i takt med innbetalingane som knytter seg til investeringane.

Oppsummering

Styret i Helse Vest behandla i møte den 23/10-2014 sak 100/14 B Utviding av låneramma til Helse Vest IKT. Det blei fatta følgjande vedtak:

1. Styret godkjenner at det blir inngått ny avtale med Helse Vest IKT om å auke langsiktig låneramme med kr 60 mill. til totalt kr 583 mill.
2. Dei økonomiske vilkåra skal vere i samsvar med dei vilkår Helse Vest har på konsernkonto.
3. Tilbakebetaling av lånet skal minimum skje i takt med innbetalingane som knyttar seg til investeringane.

Helse Vest IKT har allereie nytta kr 578 mill. av den samla låneramma. I tillegg har det vore naudsynt å overføre totalt kr 45 mill. i a-konto frå RHFet til Helse Vest IKT for å sikre framdrifta i aktuelle investeringsprosjekt. Desse a-konto utbetalingane må dekkast innafor ny låneramme.

Helse Vest IKT har med basis i likviditetssituasjonen samt framdrifta på investeringsprosjekta vurdert at dei har behov for å få auke langsiktig låneramme med kr 45 mill. Det blir her vist til styret i Helse Vest IKT sitt vedtak under sak 028/15 B:

1. Styret ba om at administrasjonen, med grunnlag til styresak 082/14 B Budsjett for Helse Vest IKT for 2015 og i vedlagt likviditetsprognose, utarbeider og oversender til Helse Vest RHF søknad om lån på 45 mill. kr.

Samla langsiktig låneramme til Helse Vest IKT vil etter dette utgjere kr 628 mill.

Likviditetsbehovet oppstår som følge av at det er Helse Vest IKT som har dei likviditetsmessige utbetalingane til investeringar som blir gjort på vegne av helseføretaka. Dersom IKT-aktivitetane ikkje hadde vore organisert under Helse Vest IKT AS, hadde utbetalingane blitt føretatt direkte i helseføretaka, og det er desse som då hadde fått tilsvarende høgare belastning på driftskredittramma.

Tilbakebetaling av lån vil skje i tråd med dei inntektene som Helse Vest IKT skal fakturere helseføretaka når investeringane er ferdigstilte.

Habilitetsvurdering

Administrerande direktør i Helse Vest RHF er styreleiar i Helse Vest IKT AS. Det at ein og same person innehar begge desse rollane inneber ikkje i seg sjølv at det oppstår nokon form for habilitetskonflikt for administrerande direktør når Helse Vest RHF skal behandla ei sak som gjeld Helse Vest IKT AS, jf. forvaltningslova § 6 første ledd bokstav e. Inhabilitet må eventuelt bli konstatert ut frå ein konkret vurdering der vurderingstemaet er om det i den

aktuelle saka ligg føre omstende som er eigna til å svekke tilliten til administrerande direktør sin upartiskheit.

Helse Vest IKT AS er resultat av val av strategisk retning med omsyn til korleis IKT-tenesta i regionen best kan organiserast. Eigarrepresentasjon i selskapet er ein sentral del av styringa, og det er da i liten grad rom for inhabilitetssynspunkt i forholdet mellom disse verksemdene med mindre det i den enkelte sak konkret kan peikast på ein interessekonflikt mellom selskapa og ein konflikt av meir personlig karakter for vedkommande styremedlem. Ein slik situasjon ligg ikkje føre i denne saka.

Konklusjon

Administrerande direktør tilrår å auke låneramma med kr 45 mill. til kr 628 mill. i tråd med Helse Vest IKT sin søknad